



Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
Naustdalsvegen 1b  
0301 OSLO

**Vår ref:**  
25/3084 - - MM


**Dykkar ref.**  
201507385-20

**Dato:**  
05.03.2025

## Uttale til detaljplan for miljø og landskap - Rehabilitering av Dam Svelgsvatn - Bremanger kommune, Vestland

Viser til motteken Detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Svelgsvatn.

Dammen ligg i område avsett til «Anna byggjeområde», BAB142, i arealdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune (KPA), som vart vedteken 15.10.2024.



Utklipp frå KPA 2024-2032

Det er ikkje spesielle føresegner for området, og såleis ikkje opna for nye tiltak, men vi vurderer at utbetring/repasasjon av eksisterande dam er i samsvar med planføremålet. Dei andre skisserte tiltaka knytt til anleggsdrifta, som tilkomstveg, kaiarrangement for lekter, riggplass etc., er plasserte i område med LNF-/V (bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone)-føremål i arealplanen, og krev dispensasjon frå planføremålet dersom tiltaka skal vere permanente. I tilfelle må kommunen få søknad om dispensasjon frå planføremålet, med meir detaljerte teikningar over lekterkai, veg og riggplassar.

Dersom desse tiltaka (tilkomstveg, lekterkai og riggplassar) er mellombelse, og vert fjerna og terrenget tilbakeført etter avslutta anleggsperiode (maks. 2 år), vil dei ikkje krevje dispensasjon frå plan. Tiltaka må uansett ikkje plasserast slik at dei hindrar allmenn ferdsel

**Adresse**  
Rådhuset, Postboks 104,  
6721 Svelgen

**Telefon:**  
57 79 63 00

**Org.nr.**  
959 318 166  
**Bankkontonr.**  
3776 07 50035

**E-post postmottak:**  
post@bremanger.kommune.no  
**E-post sakshandsamar:**  
magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no

**Internett**  
www.bremanger.kommune.no

eller friluftsliv, eller fører til vesentlege ulemper for omgjevnadane på annan måte. Kommunen legg til grunn at tiltakshavar ivaretek omsynet til natur, landskap og friluftsliv så langt som råd.

Vi viser også til at Svelgsvatnet er reservevasskjelde for Svelgen vassverk, og at det må gjerast nødvendige tiltak for å redusere risikoen for ureining av vatnet, jf. risikovurderinga. Vi forutset elles at Svelgen kraft/SFE har dialog med driftssjef for VVA i Bremanger kommune, Øystein Grande, i samband med tiltaket, slik det er opplyst i detaljplanen.

Avkøyrsløse frå fylkesveg 614 må avklarast med Vestland fylkeskommune, og det må leggjast vekt på trafikktryggleik ved anleggsgjennomføringa.

Kommunen har elles ikkje merknader til detaljplanen.

Helsing

Magnhild Myklebust  
Leiar plan og forvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*